



## Protokoll frå styremøte i NGIR

**Tid:** 01.09.2014, kl 13.30 – 15.15

**Stad:** Kjevikdalen

### Frå styret møtte:

Helge Fjellanger (leiar), Ottar Skjelvik (nestleiar), Kari Torkildsen Utkilen, Vigdis Sjøvik, Martin Soltveit (1. vara)

### Frå styret møtte ikkje:

Kristin Handeland

### Frå representantskapet møtte:

Sveinung Kråkås

### Frå administrasjonen møtte:

Erlend Kleiveland (dagleg leiar), Rune Ones, Hilde Lysø (ref.)

### Sakliste:

- Sak 16/14 Godkjenning av innkalling og sakliste
- Sak 17/14 Godkjenning av protokoll frå førre møte
- Sak 18/14 Meldingar
  - a. Diverse munnleg orientering
  - b. Avfallsmengder 1. halvår 2014
  - c. Rekneskap 1. halvår 2014
  - d. Sjukefråver
  - e. Benchmarking/kundeundersøking
- Sak 19/14 Klagesaker renovasjonsgebyr

## **Sak 16/14 Godkjenning av innkalling og saksliste**

Innkalling og saksliste vart godkjent.

## **Sak 17/14 Godkjenning av protokoll frå førre møte**

Protokoll frå styremøtet 17.06.2014 vart godkjent og signert.

## **Sak 18/14 Meldingar**

### **a) Diverse munnleg orientering**

#### **1) Ny stilling som produksjonsleiar**

Dagleg leiar viste til vedtak i førre styremøte, og orienterte om plan for innplassering av stillinga i organisasjonen. Utkast til utlysingstekst vart distribuert til styret. Stillinga vert lyst ut om kort tid.

#### **2) Tilsyn frå Fylkesmannen**

Fylkesmannen har varsla tilsyn på NGIR sitt deponi om kort tid. Dette er del av ein landsomfattande aksjon. Fylkesmannen gjennomfører jamnlege kontrollar i høve dei driftsløyva som er gjeve. Hausten 2013 hadde NGIR tilsyn med mottak for farleg avfall og våren 2014 hadde NGIR tilsyn med slamkomposteringa.

#### **3) Søknad om nytt driftsløyve**

Fylkesmannen har bede om at NGIR søker nytt driftsløyve. Søknaden må omfatta alle avfallsrelaterte aktivitetar som NGIR driv, med unntak deponiet (for lettare ureina massar).

#### **4) Økonomi omlastingshall Kjevikdalen og gjenvinningsstasjon Meland**

Det endelege økonomiske oppgjeret er ikkje heilt klart, men det ser ut til at prosjekta samla vil hamna om lag på budsjett. Truleg noko over budsjett på omlastingshallen, og noko under budsjett på gjenvinningsstasjonen på Meland.

### **b) Avfallsmengder 1. halvår 2014**

#### **Hushaldsavfall**

Mengde restavfall frå hushald/hytter har auka med totalt 9,65 % samanlikna med mengda 1. halvår 2013. Restavfall frå dunkar utgjer størstedelen av auken. Avfall til gjenvinning har auka med 2,14 %. Trevyrke har auka mest (21,9 %) medan Våtorganisk og Papp/Papir/Plast har hatt størst nedgong i forhold til 2013.

Det er ikkje ei ynskjeleg utvikling at mengda restavfall aukar meir enn mengda avfall til gjenvinning. Nedgongen i mengda papir kan kanskje ha samanheng med distribusjonen av klistremerke med "Nei takk til reklame" i desember 2013. Fleire styremedlemmer meiner å ha observert kraftig auke i slike klistremerke på postkasser. Dersom dette er tilfellet, er det ei gledeleg utvikling, men det er grunn til å frykta at nedgongen i gjenvinningsgrad og skuldast dårlegare kjeldesortering.

EU har vasla nytt mål for materialgjenvinning på 70 %. Gjennomsnittet i Noreg i dag er på om lag 40 %. Det er ikkje fastsett detaljar for korleis berekninga av gjenvinningsgraden skal skje, men det er klart at ein så vesentleg auke i gjenvinningsgraden vil krevja relativt store systemendingar. Det kan t.d. verta aktuelt med sentralsortering av restavfall i etterkant av kjeldesorteringa.

#### **Næringsavfall**

Total mengde avfall frå næring har auka med 56 % frå 1. halvår 2013 til 1. halvår 2014. Dei fleste fraksjonane aukar frå 2013 til 2014, bortsett frå restavfall, som viser ein nedgong på 5 %. Mengda lettare ureina massar har auka med 80 % (ca 10 000 tonn). Hovudgrunnen til denne auken er mottak av større mengder massar frå oppgraving av lettare ureina grunn. Mengda tørrstoff frå Halliburton og TWMA viser ein auke på ca 11 % (1 300 tonn).

### c) Rekneskap 1. halvår 2014

Resultatet 1. halvår er + kr 3 242 000. Det er kr 4 112 000 meir enn budsjettert. Tilsvarende tal for i fjor var + kr 1 143 000 og kr 167 000 mindre enn budsjettert.

Oppsummering per avdeling er vist under:

<b>Per 1. halvår 2014</b>	<b>Resultat</b>	<b>Budsjett</b>	<b>Avvik</b>
<b>Hushald</b>	-kr 190 000	-kr 386 000	kr 197 000
<b>Verksemd</b>	kr 4 338 000	kr 582 000	kr 3 755 000
<b>Slam</b>	-kr 1 355 000	-kr 1 320 000	-kr 35 000
<b>Bilvrak</b>	kr 449 000	kr 254 000	kr 195 000
<b>Totalt</b>	<b>kr 3 242 000</b>	<b>-kr 869 000</b>	<b>kr 4 112 000</b>

Det er sett opp prognosar for inntekter, kostnader og resultat for dei ulike avdelingane. Dette er grove anslag basert på historiske data og forventade kostnads- og inntektsutvikling. Prognosane for heile 2014 kjem ut med følgjande resultat:

<b>Prognose 2014</b>	<b>Forventa resultat</b>	<b>Budsjett</b>	<b>Forventa avvik</b>
<b>Hushald</b>	-kr 1 789 000	-kr 1 835 000	kr 46 000
<b>Verksemd</b>	kr 4 165 000	kr 0	kr 4 165 000
<b>Slam</b>	-kr 444 000	-kr 386 000	-kr 58 000
<b>Bilvrak</b>	kr 256 000	kr 0	kr 256 000
<b>Totalt</b>	<b>kr 2 196 000</b>	<b>-kr 2 211 000</b>	<b>kr 4 407 000</b>

### d) Sjukefåver

Sjukefråveret i NGIR har siste år vore 4,7 %, mot 3,4 % siste 3 år. Tilsvarende landsgjennomsnitt er rekkjevis 6,3 % og 6,5 %.

Tabellen under viser meir detaljert korleis fråveret hjå NGIR er fordelt i tid.

	<i>1-3 dagar</i>	<i>4-16 dagar</i>	<i>Meir enn 16 dagar</i>
Siste år:	1,1 %	0,8 %	2,8 %
Siste 3 år:	0,9 %	0,8 %	1,6 %

## **e) Benchmarking/kundeundersøking**

NGIR har teke del i benchmarking i regi av Avfall Norge. Datainnsamlinga gjeld tal frå 2013, og denne gongen var det mange avfallsselskap som var med. Målet med benchmarkinga er å finna ut kva område ein er god på, og på kva område ein har forbettringspotensial.

Førebels rapport frå benchmarkinga ligg no føre, og dagleg leiar kunna informera om at NGIR var det avfallsselskapet som totalt sett scora best på kundeundersøkinga. Dagleg leiar gjekk og gjennom ein del andre resultat, og rapporten vil verta sendt til styret på epost når endeleg versjon ligg føre.

**Styret tok orienteringane til vitring.**

## **Sak 19/14 Klagesak renovasjonsgebyr**

**Klagar: Sverre Sognefest**

### **Klageorganet si vurdering:**

Retningslinene gjev i dag ikkje rom for å gje fritak eller reduksjon i renovasjonsgebyret for fritidsbustader som følgje av liten eller ingen bruk. Eventuell differensiering av gebyret for fritidsbustader vil føra med seg mange utfordringar, og slik differensiering har ved tidlegare gjennomgongar difor ikkje vorte innført hjå NGIR. Klageorganet meiner at differensiering av renovasjonsgebyret for fritidsbustader evt. kan verta vurdert på nytt i framtida, men at retningslinene i dag berre gjev rom for fritak dersom bygget er i ein slik tilstand at det ikkje kan bu folk der i ein periode på minimum 6 månader.

### **Klageorganet si avgjersle:**

Klagen vert ikkje teke til følgje, og administrasjonen sitt vedtak vert oppretthalde.

*Kjevikdalen, 01.09.2014*

---

Helge Fjellanger  
-styreleiar-

---

Ottar Skjelvik  
-styremedlem-

---

Vigdis Sjøvik  
-styremedlem-

---

Kari Torkildsen Utkilen  
-styremedlem-

---

Martin Soltveit  
-varamedlem-